



Tim Marius Vågstøl
Askelandsvegen 73
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/806 - 17/5317

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
25.04.2017

Svar på spørsmål om mur og gjerde

Me viser til dykkar spørsmål.

Om eg forstår deg rett vil eg vurdere tiltaket du skisserer som søknadspliktig etter veglova. Eg legg ved litt om det som kjem fram av veglova § 29.

Kap. V. Byggverk m.m., avkjørsle, gjerde og grind.

§ 29. Langs offentlig veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven.

Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg. For gang- og sykkelveg er avstanden 15 meter (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg). Føresegnene i dette leddet gjeld dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i tredje, fjerde og femte ledd. Avstanden skal reknast frå midtlina i høvevis kjørebana, eller gang- og sykkelvegen. Har vegen åtskilde kjørebana, eller er det tvil om kva som bør reknast for midtline, avgjer vegstyremakta kva line avstanden skal reknast frå.

Med helsing

Einar Færø
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tim Marius Vågstøl

Askelandsvegen 73

5938

SÆBØVÅGEN